



## Notat

Dato: 24.01.2018  
Arkivsak: 2017/938-21  
Saksbehandlar: rolrose

---

**Til:** Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Spørsmål om skuleskyss i Sunnhordland

I møteprotokollen frå fylkesutvalet 22. – 23.11.2017 er det i samband med RS 170/17 «Svar på spørsmål om praktisering av dispensasjon frå Fylkesmannen om skuleskyss» og RS 176/17 «Spørsmål om skuleskyss og ruteproduksjon i Sunnhordland» teke inn følgjande:

«I samband med RS 170/17 «Svar på spørsmål om praktisering av dispensasjon frå Fylkesmannen om skuleskyss» og RS 176/17 «Spørsmål om skuleskyss og ruteproduksjon i Sunnhordland» stilte **Sigbjørn Framnes (Frp)** seg kritisk til ein del av talmaterialet som var lagt fram. Fylkesrådmannen vil kome tilbake med ytterlegare svar.»

Fylkesrådmannen vil med dette kome med ytterlegare svar om ruteproduksjonen i Sunnhordland. Sidan 2015 er det utarbeidd årsrapport for Kollektivstrategi for Hordaland, som mellom anna omhandlar fleire nøkkeltall for kollektivtransporten – der i blant ruteproduksjon per kontraktsområde for buss. Årsrapport for 2015 og 2016 viser ein årsproduksjon på 2 144 613 km i 2015 og 2 152 204 km i 2016. Årsrapport for 2017 vil bli lagt fram for fylkesutvalet i april.

Produksjonstal som kjem fram i anbudsgrunnlaga viser planlagt årsproduksjon ved oppstart av kontraktsperioden. Det vert då ikkje tatt høgde for variasjonar i køyringa. Frå år til år vil talet på sundagar, tal kvardagar i romjula, skotår og liknande påverke den totale produksjonen. Det at ruteproduksjonen for eit heilt år viser «avvik» mellom åra er ikkje nødvendigvis på grunn av endringar i rutetilbodet, men i desse årlege kalendervariasjonane. I tillegg vil behovet for skuleskyss variere frå år til år. Som tidlegare opplyst viser ruteproduksjonen for veke 44 i 2016 og 2017 (som var ei såkalla «normalveke» utan planleggings dagar for skulane eller liknande) ei auke i talet på km; 45 410 km i 2016 og 46 984 km i 2017.

Dei økonomiske rammene for ruteproduksjonen for buss har vore uendra dei siste åra, men det er tatt høgde for prisvekst og avtalefesta regulering. I 2016 var budsjettet for Sunnhordlandskontrakten på 67,8 mill. kr, i 2017 på 72,0 mill. kr og i 2018 er budsjettet på 75,6 mill. kr.

